

Våren kjem att

Våren kjem att som live,
vil ha på seg sumarkle.
I Guds grunnlov stend det skrive,
so av Gud det skipa er.
Tre og runnar, blad og blomar,
vil som vanleg tyta ut,
vil ha varme, sol og sumar,
hyggja seg i sumarskrud.

Våren kjeme, Gud han live,
han sin skapning heve kjær.
I hans grunnlov stend det skrive
Han den same alltid er.
Jordi på sin aksling trilla
stille utan klagelåt,
elvar brusa, bekkjer silla,
alt er med sin same låt.

Himmelfar, du som eig domen
yver alle folk og land,
lett du kan med fingergomen
sopa vekk kvart enda grand.
Myrke makter gruvleg herjar
som um dei vil allting rå,
men eg veit du dine verjer
som di grunnlov lite på.